

Fra: Grethe Marie Sandvik[]  
Sendt: 09.06.2022 20:25:00  
Til: Arve Opsanger[arve.opsanger@gmail.com]  
Kopi: Mette  
Hjelmeland[mette.hjelmeland@kvinnherad.kommune.no];Post[post@kvinnherad.kommune.no];Hjalmar Heimvik[hjalmar.heimvik@kvinnherad.kommune.no];  
Tittel: Eigeidsrett til deler av Gangstøvegen - 154/343 - Gangstøvegen

---

Hei

Viser til e-post 9.juni 2022 med spørsmål vedrørende eigarskap til gnr 154 bnr 343, Gangstøvegen på Sunde.

Ut frå kart og matrikkel så ser eg at denne vegen er klassifisert som kommunal veg, og at eigedommen blei oppretta i 2012.

Matrikulering av umatrikulert veggrunn var landsomfattande, og for Kvinnherad kommune gjaldt dette dei veger kommunen vedlikeheld som offentleg kommunal veg.

Kvinnherad kommune starta arbeid med matrikulering av umatrikulert veggrunn i samsvar med overgangsordning i matrikkelforskrifta, MF § 69 i 2012.

(1)Eksisterende umatrikulert grunn som benyttes til offentlig veg eller jernbane, kan matrikuleres uten at det avholdes oppmålingsforretning dersom den som hevder å være eier av enheten, setter fram krav om det og matrikuleringen er fullført innen 31. desember 2012.

Med krav skal det følge

a) egenerklæring for å være eier av enheten

b) kart som viser enheten som kreves matrikulert, og informasjon om grenseforløp for enheten når dette mangler eller er ufullstendig i matrikkelen.

Dette står i veglova:

§ 1.

«Offentlig veg er veg eller gate som er open for allmenn ferdsel og som blir halden ved like av stat, fylkeskommune eller kommune etter reglane i kap. IV. Alle andre vegar eller gater blir i denne lova å rekne for private.

Til veg blir òg rekna opplagsplass, parkeringsplass, haldeplass, bru, ferjekai eller anna kai som står i beinveges samband med veg eller gate.»

Veglova § 5. Alle vegar som utan å vere tatt opp som bygdevegar etter den tidligare veglova, var haldne ved like av ein kommune, er kommunale vegar etter denne lova, dersom ikkje anna blir fastsett med heimel i lova.

Kommunen kan gjere vedtak om å ta opp privat veg som kommunal veg. Jamvel om slikt vedtak ikkje er gjort, er ein veg å rekne for kommunal veg når kommunen har tatt over vedlikehaldet etter reglar i plan- og bygningslova.

Offentleg veg, slik som dei fleste fylkesvegar og kommunale vegar, er ikkje tinglyste, og er difor ikkje registrert med grunnbok.

Arbeidet med matrikulering av offentlig veg i Kvinnherad blei gjennomført av tidlegare leiar for kommunal veg, Ivar Kåre Døssland, og sjølv arbeidet med matrikulering der vegane blei lagt inn i kartet blei utført av oppmålingssjef Johan Feet.

Sidan det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning for dei offentlege kommunale vegane, så er grenselinjane til vegane i kommunekartet nokså usikre.

Disse grensane mot offentlig veg bli meir sikre for kvar tilgrensande eigedom som vert oppmålt, sidan ein representant frå kommunal veg då ofte er med for sette av nødvendig grunn til veggen og grøft.

Dersom du googler matrikulering av offentlig veg, og matrikkelforskrifta, MF § 69, 2012 så meiner eg du kan finne meir om denne overgangsordninga.

Dette blei kanskje eit litt rotete svar, og litt mykje klipp og lim,...men eg håper du har fått svar på forespørselen din.

Med helsing

**Grethe Sandvik** | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



KVINNHERAD  
KOMMUNE

*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Frå:** Post <[post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)>

**Send:** torsdag 9. juni 2022 16:17

**Til:** Mette Hjelmeland <[mette.hjelmeland@kvinnherad.kommune.no](mailto:mette.hjelmeland@kvinnherad.kommune.no)>; Grethe Marie Sandvik <[grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no](mailto:grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** VS: Eigedomsrett til deler av Gangstøvegen

Kva gjer vi med dette? Kven er rette til å svara?

Lars

**Fra:** Arve Opsanger <[arve.opsanger@gmail.com](mailto:arve.opsanger@gmail.com)>

**Sendt:** onsdag 8. juni 2022 18:58

**Til:** Post <[post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** Eigedomsrett til deler av Gangstøvegen

Hei,

Gangstøvegen på Sunde er registrert med gnr 154, bnr 343 i Kommunekart frå Fv 500 til Sveo, Gangstø.

154/343 er iflg [seeiendom.kartverket.no](http://seeiendom.kartverket.no) ikkje tinglyst og difor ikkje registrert i grunnboka.

Etter mine opplysninger er det grunneigarane/gardsbruka langs Gangstøvegen som eig vegen.

Som eigar av 154/1 og 5 meiner eg å vera eigar av Gangstøvegen frå Fv 500 til grensa mellom 154/2 og 154/243.

Ber Kvinnherad kommune senda meg kopi av dokumentasjon for 154/343 som kommunen har.

Med helsing  
Arve Opsanger